

Fra: Turid Boganes <turid.boganes@hakyrkja.no>
Sendt: mandag 11. oktober 2021 13:07
Til: Julie Slensvik
Emne: Svar frå Varhaug sokneråd på spørsmål 5 i høring om ny kirkelig organisering

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Flagget

Hei

Her er svar på spørsmål 5 i høringen.

Ved å slå saman fleire fellesråd til prostifellesråd vil det for mange auka avstanden til leiinga, som igjen kan føra til at ein opplever mindre medbestemmelse i kvardagen og i dei større beslutningane som gjeld strategi og prioriteringar.

Ved å ha kommuneoverskridane fellesråd er det ein stor usikkerheit til korleis kommunane vil tenka om finansiering. For vår del består no prostiet av 4 kommunar som alle bidreg ulikt økonomisk til DnK. Tidvis er det ein kommune som bidreg meir enn andre, for så å byta om etter nokre år. Dette avhenger av investeringar som fellesråda må gjera både på bygg, anlegg, kontorfasilitetar, og antal tilsette. Det er ikkje urealistisk å tenka seg at viljen til å bidra økonomisk frå kommunen si side vert redusert dersom det vert kommuneoverskridane prostifellesråd. Ein kan sjå til andre interkommunale samarbeid kor kommunane er ueinige i fordelingsnøkkelen på den økonomiske sida – og det vert ein diskusjon om kven som skal bidra med kva. Dette kan igjen føra til at ein må bruka meir resursar på å få kommunane til å sjå kva deira bidrag går til, bruka meir tid i forhandlingar og meirarbeid med budsjett og økonomirapportering til kommunane enn ein gjer i dag. Resultatet kan i verste fall vera kutt i stillingar og drift, men og at ein må bruka meir tid på dialog med kommunane for å få same vilje til å bidra økonomisk til kyrkja. Ergo, ein får mindre «Kristus for pengane» anten ved å bruka meir tid på administrasjon ovanfor kommunane eller ved at ein må kutta i stillingar i det kyrkjelege arbeidet.

Ved prostifellesråd ut frå den prostistrukturen som ligg til grunn i dag vil avstandane i prostiet vera store. Ein del av dei tilsette vil ha lang geografisk avstand til leiinga, noko som kan gje negative effektar på medbestemmelse, HMS, kjennskap til tilsette og utfordringane på den enkelte tenestestad. Å halda kontakten med alle tilsette, ha god oppfølging og god leiing krev at leiinga er til stades. Med store geografiske avstandar krev det fleire mellomleiarar. Nokre kontor er eit-sokn-kontor, då kan dagleg leiar for soknet kanskje ha denne oppgåva – men om kontoret er fleir-sokn-kontorfellesskap, kven skal då ha denne oppgåva? Ser ein føre seg å tilsetta mellomleiarar for dette? Fleire mellomleiarar vil både kosta pengar, og verta eit nytt mellomledd – noko som ein ved denne «reforma» ynskjer å redusera talet på.

Eit argument for å slå saman til prostifellesråd er og at ein kan bruka tilsette på tvers av sokn for å fylla inn ved vakanse og sjukdom, samt slå saman stillingar for å få fleire heiltidsstillingar. På papiret er dette ei god ordning som kan sjå ut til å fungera fint. I praksis derimot er dette utfordrande. Det er eit mål at alle tilsette skal vera med å byggja kyrkjelydane opp med nærleik og kjennskap til det som skjer i soknet. Dersom ein skal arbeida i fleire sokn samstundes er vår frykt at dette arbeidet vil bli nedprioritert og vanskeleg å gjennomføra. Å bygga kyrkjelyd krev at ein har god kjennskap til dei som bur i soknet, denne kjennskapen tek det tid å bygga opp og det krev energi av den tilsette. Det krev at ein er til stades og har tid når dei frivillige har tid. For dei som arbeider med trusopplæring går ofte tiltak samstundes i nabosokna, til dømes tårnagenthelg, lysvaken, dåpsskule etc. Diakonen

skal ha kjennskap til kven som treng oppfølging i soknet – og har ein for stort sokn (det væra seg både geografisk eller i antal medlemmar) kan dette og føra til at ein ikkje ser dei som har behov for kyrkja sin nærleik. Og for prestetenesta er det ein resurs at ein har prestar som er lokale, både når det kjem til gudstenesteliv, gravferder, soknebod m.m. Ein ser og at medlemane ynskjer god kjennskap til «sin» kyrkjeleg tilsett både i samband med kyrkjelege handlingar og ein-til-ein kontakt.

I utredninga er det tydeleg at eit av måla er «Meir Kristus for pengane». Vil ein få meir Kristus for pengane ved å auka sjansen for:

- Redusert tilskot frå kommunane.
- Auka administrative behov med tanke på auka behov for mellomleiarar i eininga.
- Auka avstand mellom tilsette og sokna når ein har som mål å få flest mogleg heile stillingsbrøkar ved at tilsette skal arbeida i fleire sokn.
- Auka tid på reis i arbeidstida på grunn av geografiske avstandar mellom dei ulike arbeidsplassane.

Helsing

Turid Boganes
Dagleg leiar Varhaug sokn

Mob: 466 72 826